



Sogndal Fotball AS

Til

Sogndal Kommune

Plan og næring

postmottak@sogndal.kommune.no

Fosshaugane 10.04.2018

OMRÅDEPLAN FOSSHAUGANE – MERKNADER OG INNSPEL.

Vi viser til vårt innspel datert 30.01.2017 knytt til arbeidet med områdeplan på Fosshaugane.

Vi vil understreka, som vi gjorde i vårt innspel januar 2017, at dette er eit svært viktig arbeid for utviklinga av Fosshaugane – Campus Sogndal. Det er difor gledeleg at arbeidet har tatt eit nytt steg, og vi har lest saksutgreiinga til sak 21/2018 i Forvaltningsutvalet nøyne og med stor interesse. Vi føler saka legg eit godt grunnlag for vidare prosess.

Likevel har vi to innspel som vi meiner er viktig å få fram før møtet handsamar saka den 12.04.2018.

- BIA 3 – Tribunebygg Kvåle.
- BOP 7 – Sognahallen.

BIA 3 – Tribunebygg Kvåle.

I planføresegnene til området BIA 3 står det: «*Ved nye søknadspliktige byggetiltak jf. pbl. §20 gjeld plankrav i føresegr 2 punkt 1. Området skal saman med BIA1 og BIA2 utformast heilskapleg.*»

Dette er vi samde i, men vi ønskjer at plankartet får ein endra farge frå grøn til rosa (grønstruktur til bygningar og anlegg).

Området må hengje saman med idrettsområdet på Kvåle (BIA 1 og 2) men også med resten av Campus Sogndal. BIA3 er eit naturleg område for parkeringsanlegg, anleggsmaskiner og bygningar som dekker støyande aktivitet som ikkje er naturleg å legge i kjernen av Campusområdet.

Vi meiner også at området treng enkle og fleksible overnatningsplassar for arrangement og personar som er knytt til Campus ein kortare periode (gjester på arrangement, hospitantar, utvekslingsstudentar og tilsette som er knytt til arbeid/aktivitetar på Campus Sogndal ein kortare periode). Vi vil understreka at dette ikkje er snakk om bustadformål.

BOP 7 – Sognahallen.

Vi har søkt om førehandsgodkjenning av eit klatreanlegg for å vere søkjegod for spelemedilar, og har motteke ei slik godkjenning av Sogndal Kommune.

Ein del av dette klatreanlegget, som vil bli eit landsleiande anlegg, vil vere eit påbygg til Sognahallen.

Vi ber om at byggesøknad knytt til dette tiltaket kan leverast og godkjennast av kommunen i nær framtid, og ikkje bli ramma av eit bygge og dele forbund i samband med områdereguleringsplanen.

Mvh Sogndal Fotball AS

Yngve Hallén, d.l.

Kopi: Eigargruppa Campus Sogndal